




Norconsult Norge AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Halland, 5764 3128

Uttale - Varsel om planendring - Mindre endring av reguleringsplan Fv. 541 Sakseid - Hestaneset Reguleringsplan - forenkla prosess - Bømlo

Vedkjem oversending dagsett 15.1.2026. Det er varsla endring av reguleringsplan etter forenkla prosess. *Endringa gjeld ei flytting/forskyving av ein landbruks-/traktorveg inkl. kulvert som del av Fv. 541. For nærmare omtale sjå vedlegg 6, søknad om mindre endring. Endringa rører kun ved eigedomen med gbnr. 121/1, Bømlo kommune. Frist for uttale er sett til 12.2.2026.*



Planen tredde i kraft 13.2.2017 og er difor 9 år. Etter 10 år skal som kjent «kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert» jf. plan og bygningslova § 12-4.

Det er gjort registreringar av naturmangfald i nærleiken av kulverten, som ser ut til å vere av yngre dato enn gjeldande plan. Uavhengig av alder på planen ventar Statsforvaltaren at vedtaksmynde legg prinsippa etter naturmangfaldslova §§ 8-12 til grunn for nye vedtak og nyttar nyaste kunnskapen i sine vurderingar. Vi viser særleg til § 12 og ventar at utbyggjar i det vidare gjer det som er mogleg for å minimere skade på verdifullt naturmangfald.

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til flytting av sjølve kulverten, men vil samstundes peike på at forenkla prosess ikkje kan nyttast for areal som rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.



Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fungerande seksjonsleiar

Frida Halland
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset Leirdalen 1

5430

BREMNES